



## Sak 7: Fråsegrer

Vedlegg:

- Rammevilkår for demokratiet
- Hundre år med nordisk folkedanssamarbeid

Ei fråsegn kan ha ulike funksjonar i ein organisasjon. Det kan t.d. ha form som ei pressemelding eller ein politisk uttale i ei sak, som blir sendt til ulike instansar. Ei fråsegn kan også ha funksjon som politikkutforming, for å utforme eller stadfeste politikk i ulike saker. Ei fråsegn kan vere retta både eksternt ut av organisasjonen, eller internt i organisasjonen, for å gje styret ei politisk plattform i ulike saker.

Styret i Noregs Ungdomslag legg fram 2 fråsegrer for landsmøtet.

Styret sine forslag til fråsegrer har følgjande tema:

Fråsegn 1: Rammevilkår for demokratiet

Fråsegn 2: Hundre år med nordisk folkedanssamarbeid

Det er redaksjonskomiteen som innstiller på vedtak av dei ulike fråsegnene.



## Sak 7: Fråsegnar

### Rammevilkår for demokratiet

Nordmenn er svært deltakingande i frivillig aktivitet, noko som bidreg til verdiskaping i samfunnet av både sjeleleg og økonomisk art. Frivillig arbeid er dessutan kjekt og gjevande for alle involverte.

Noregs Ungdomslag (NU) er berre éin av ei lang rekke demokratiske, frivillige organisasjonar i Noreg. Saman utgjer vi ryggmergen til det norske demokratiet – ei oppgåve vi ikkje tek lett på. NU skapar engasjement og levande lokalmiljø gjennom folkelege kulturaktivitetar, og ved å vere frilyndte – altså opne og inkluderande. Ved ei sterk tru på demokratiet og demokratiopplæring, byggjer vi dessutan enkeltindivid til å stå stødigare i samfunnet.

Demokrati er å tru på seg sjølv og på andre – å ta ansvar, samarbeide og å ta omsyn. For NU betyr demokrati også å jobbe for aktiviteten medlemmene engasjerer seg i, gjennom å organisere aktivitetar og arrangement, styrearbeid og landsmøtedeltaking. Hos oss har alle medlemmer fulle demokratiske rettar frå 14 år, slik at dei lærer å delta, diskutere og påverke framtida si både i og utanfor organisasjonen.

Det er viktig at styresmaktene forstår rolla vi har, og bidreg med driftsmidlar som støttar opp organisasjonane sitt kontinuerlege, langsiktige demokratiarbeid. Prosjektuavhengige driftsmidlar er naudsynt for å gjennomføre styremøte, landmøte og organisasjonsopplæring. Vi treng gode, breie støtteordningar som gjer at lokale grupper og individ ser fordelar med å vere demokratisk organiserte.

Kort sagt, vi treng styresmakter som bidreg til gode rammevilkår og insentivordningar for å ta vare på demokratiet vårt.



## Sak 7: Fråsegrner

### **Hundre år med nordisk folkedanssamarbeid**

I år er det hundre år sidan det første nordiske folkedansstemnet vart skipa til. I løpet av nokre julidagar i 1920 kom det dansarar frå Danmark, Finland, Noreg og Sverige til Stockholm for å danse saman for første gong. Dette stemnet la grunnlaget for det store nordiske samarbeidet på folkedansfeltet me har i dag gjennom Nordlek. På dette same stemnet vart dei svenske folkedanslaga samla for første gong, og dei skipa Svenska Folkdansringen. Ein organisasjon me i Noregs Ungdomslag har hatt mykje godt og gledeleg samarbeid med sidan.

Sjølv om me stort sett trivst med å arbeide med vår eigen tradisjon, er det alltid viktig å kunne løfte blikket og sjå seg sjølv i det store biletet. Det nordiske samarbeidet vårt har hjulpet oss med nettopp dette, og vore til stort gagn for både einskilddansarar og heile folkedansfeltet.

Folkedansen er først og fremst ein sosial dans, som krev møtestader, og som skapar kontakt mellom menneskjer. Og det finst knapt nokon større arena enn nettopp NORDLEK-stemna for folkedansen i dag.

Noregs Ungdomslag set stor pris på det gode arbeidet som blir gjort i Nordlek, og i vårt gode venskapslag Svenska Folkdansringen.

**Landsmøtet i Noregs Ungdomslag ønskjer både Nordlek og Svenska Folkdansringen hjarteleg til lukke med hundreårsjubilea!**



## Sak 7: Fråsegrner